

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 23.08.2019  
**FRÅ:** Administrerande direktør Herlof Nilssen  
**SAKSHANDSAMAR:** Hilde Christiansen  
**SAKA GJELD:** **Administrerande direktør si orientering**  
**Felles rapport for ForBetring 2019**

**ARKIVSAK:** 2019/7937  
**STYRESAK:** **078/19**

**STYREMØTE:** **05.09. 2019**

---

### Oppsummering

ForBetring blei første gang gjennomført i 2018. Det skal utarbeidast ein felles rapport for ForBetring frå dei fire regionale helseføretaka.

Helse- og omsorgsdepartementet forventar at det årleg blir overlevert ein samla rapport frå RHF-a i tråd med føresetnadene for etablering av undersøkinga.

Dei regionale helseføretaka har hatt prosessar i sine regionar for å samle erfaringar og prosessar for å handtere forslag til endringar i undersøkinga frå 2018 til 2019. Det er viktig at ein er varsame med endringar for å sikre at det er mogleg å samanlikne resultatata over tid. Det er gjort nokre justeringar av spørsmåla frå 2018 til 2019, og ein forbetring av resultatrapporten for å ivareta krav stilt av Helse- og omsorgsdepartementet.

Helse Vest har hatt ansvar for innsamling og samanstilling av data frå alle dei fire regionale helseføretaka/HF-a og dei private ideelle verksemdene som har delteke i undersøkinga, og har utarbeida rapporten på vegne av RHF-a.

### Fakta

Meir enn 127 000 medarbeidarar/leiarar blei inviterte til å delta i undersøkinga. Over 101 000 har deltatt. Svarprosenten er på 79%, det same som for 2018. Dette er ein god deltaking samanlikna med andre bransjar. Målet er ein svarprosent på minst 70%.

Rapporten for 2019 presenterer gjennomsnittsskår, spreining og referanse. I tillegg syner rapporten del medarbeidarar som har svart «heilt einig og litt einig» for kvart tema. For Teamarbeidsklima og Tryggleiksklima blir det i tillegg vist del einingar der minst 60% av medarbeidarane har svart «heilt einig eller litt einig» og del einingar der minst 80% av medarbeidarane har svart «heilt einig eller litt einig». Hensikta med å slå i saman svaralternativa «heilt einig og litt einig» er å vise eit balansert perspektiv slik at medarbeidarar og leiarar kjenner seg igjen i resultatata.

Rapporten for 2019 inneheld samanlikning av resultatata med resultatata for 2018. I tillegg er det vist endringar i spørsmåla, der ein samanliknar resultatata for 2019 med 2018.

For å bidra til å vise variasjon for Teamarbeidsklima og Tryggleiksklima viser 2019 rapporten kvar einskild eining og spreining i resultat. Dette er en forbetring av rapporten frå 2018 og synleggjer visuelt spreining i resultatata mellom mange tusen einingar. Sjølv om det er ulike resultat må en kunne seie at resultatata for disse to tema likevel er bra. For Teamarbeidsklima har 86% av einingane minst 75% av medarbeidarane valt svaralternativa «heilt einig/litt einig» og for Tryggleiksklima har 76% av einingane minst 75% av medarbeidarane svart at de er «heilt einig eller litt einig».

### Bruk av rapporten

Rapporten skal nyttast til lokal forbetring i den einskilde eining og det kan settast i verk felles tiltak for kvar av verksemdene. Det skal vere god involvering av medarbeidarar, verneteneste, leiarar og tillitsvalde.

Rapporten er lagt fram dei for dei fire RHF direktørane og skal overleverast til HOD og Helsedirektoratet innan utløpet av august 2019.

Det har vore særleg fokus på tema seksuell trakassering. Undersøkinga stiller følgjande spørsmål:

*«Eg kjenner ikkje til at nokon har blitt utsatt for seksuell trakassering her i løpet av de siste 12 månadene.» (Her = den eining ein tilhøyrar.)*

Nasjonale resultat for dette spørsmålet er:

<i>Prosent</i>	<i>Tal</i>	<i>Svaralternativ</i>
<b>1,92</b>	1 861	<i>Heilt ueinig</i>
<b>1,68</b>	1 535	<i>Litt ueinig</i>
<b>5,38</b>	5 222	<i>Verken einig eller ueinig</i>
<b>3,62</b>	3 515	<i>Litt einig</i>
<b>76,82</b>	74 616	<i>Heilt einig</i>
<b>10,69</b>	10 387	<i>Veit ikkje/ikkje relevant</i>

Det har vore løfta fram at det har vore arbeidsmiljø som har vore prega av ein ukultur der uønska seksuell merksemd/trakassering ikkje har vore avdekkja eller stoppa. Det beveger seg rett når ein løfter fram problemstillinga og einingar kan jobbe aktivt med temaet. Det er ei leiaroppgåve på alle nivå å vere heilt tydelege på at seksuell trakassering/uønska seksuell merksemd ikkje er innafor rammene for tilsetting i spesialisthelsetenesta.